

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 24.11.2020
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Organisering av internrevisjonen i Helse Vest**

ARKIVSAK: 2020/984
STYRESAK:

STYREMØTE:

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret gir sin tilslutning til at internrevisjonen i Helse Vest blir organisert i samsvar med tilrådinga i saka.
2. Styret ber om at det blir sett i verk prosess for tilsetting av ny internrevisor.

Oppsummering

Det er gjennomført ei vurdering av framtidig organisering av internrevisjonsfunksjonen i Helse Vest. I saka blir det tilrådd at internrevisjonsfunksjonen i Helse Vest blir vidareført som ein kombinert modell med tilsett internrevisor, men med ein større vektlegging på å følge opp definerte kjerneområder over tid.

Fakta

I styremøtet 11. mars 2020 blei det under administrerande direktør sin orientering punkt 6 protokollført følgjande:

Organisering av Internrevisjonen i Helse Vest: I sak 18/20 reiste leiar av internrevisjonen spørsmål om ein burde gjennomgå organiseringa av internrevisjonsarbeidet i Helse Vest. Styret slutta seg til dette og ba administrerande direktør om å sjå på alternative måtar å organisere internrevisjonsarbeidet på i Helse Vest. Administrerande direktør vil koma attende til styret med eit forslag til mandat for arbeidet. Revisjonsutvalet må vere sterkt involvert i dette arbeidet. Intensjonen er å ha eit notat med forslag til løysing klar til førstkommande møte i revisjonsutvalet 14. april, med etterfølgjande styrebehandling i Helse Vest RHF sitt styre.

Oppdrag med å utgreie mulige alternativ for organisering av internrevisjonen blei gitt BDO, og dei leverte sin rapport den 13. august 2020, jf. vedlegg 1. Rapporten inneheld mellom anna ei omtale av dei vanlegaste organisasjonsformene for internrevisjon; in-house, co-sourcing og full outsourcing og moglege tilpassingar av desse modellane for Helse Vest. Revisjonsutvalet gjennomførte ein førebels behandling den 14. september 2020 i sak 25/2020: Følgjande vedtak er protokollert frå behandlinga av saka:

Revisjonsutvalet tar rapporten frå BDO til førebels orientering og ber om at rapporten blir forankra hos dei administrerande direktørane og styreleiarane i føretaksgruppa.

Revisjonsutvalet ber om at endeleg tilråding av organisering av internrevisjonen blir fremma for utvalet i møte onsdag 21. oktober, med sikte på at revisjonsutvalet kan tilrå organisering for styret i novembermøtet i år.

Styreleiar i Helse Vest RHF gjennomført 27. oktober 2020 eit dialogmøte der administrerande direktør i Helse Vest RHF og styreleiarane og dei administrerande direktørane i helseføretaka deltok. Tema for møte var mellom anna korleis internrevisjonsfunksjonen i Helse Vest skal sjå ut og organiserast. Det blei i møte understreka at både Helse Vest RHF, kvart helseføretak og Helse Vest IKT AS, kvar for seg, har eit sjølvstendig ansvar for å organisere første og andre linjeforsvaret, og at det tredjelinjeforsvaret som internrevisjonsfunksjonen på regionalt nivå

representerer, er ein felles uavhengig rådgivings- og bekreftelsesfunksjon som skal bidra til å sikre at verksemdstyringa i heile føretaksgruppa er robust.

Tilbakemeldingane som blei gitt i møtet var eintydige i retning av ein kombinert løysing. Som grunngeving blei det mellom anna peika på helseføretaka som usedvanleg komplekse verksemder, og at ein vidareutvikling av internrevisjonsfunksjonen i Helse Vest bør byggje på nokre eigne ressursar som over tid byggjer kunnskap og kompetanse om verksemda. I føretaksgruppa vil det kontinuerleg vere ein høg ibuande risiko med dertil varig høgt behov for internrevisjonstenester. Ein kjerne med eigne ressursar gir størst tryggleik for at dei som gjer analysane har god forankring og kunnskap om verksemda, noko som i neste omgang sikrar høg grad av legitimitet.

Saka blei på ny lagt fram for revisjonsutvalet i møte 3. desember 2020.

Kommentarar

Internrevisjonsfunksjonen er skildra i helseføretakslova § 37a. Gjennom ein systematisk og strukturert metode skal internrevisjonen kontrollere verksemda i heile føretaksgruppa. Målet er å bidra til forbetringar i risikostyring, internkontroll og verksemdstyring. Internrevisjonen er underlagt styret i Helse Vest RHF og rapporterer fagleg til styret sitt revisjonsutval og administrativt til administrerande direktør.

Styra i føretaka følgjer opp tilrådingane i internrevisjonen sine rapportar. Gjennom desse hjelper internrevisjonen styret og leiinga i helseføretaka med å utøve god verksemdsstyring gjennom vurdering av risikohandtering og internkontroll. Internrevisjonen skal òg bidra til kontinuerlig kvalitetsforbetring av styringssystema til føretaka.

Styra i Helse Vest RHF og helseføretaka har eit sjølvstendig ansvar for etterleving av lover og forskrifter i eige føretak og for korleis eit adekvat bekreftelsesprogram kan bli planlagt, gjennomført og følgt opp. Funn og avvik gjort av dei ulike tilsynsorgana skal òg bli sikra. Det bør vere ein klar samanheng mellom arbeidet som blir gjort i styra på begge nivåa. Når denne forståinga av heilskapen blir lagt til grunn, vil det bli enklare å gi internrevisjonen i føretaksgruppa klare oppdrag retta mot omforente risikokategoriar i heile føretaksgruppa.

Med bakgrunn i den prosessen som er gjennomført og dei innspela som er komne, framstår spørsmålet om kva innhald ein gir internrevisjonsfunksjonen, korleis ein definerer kjerneområder for internrevisjonen, korleis ein planlegg og sett opp aktiviteten og korleis ein sikrar rett kompetanse til oppgåvene som skal løysast som viktigare spørsmål enn sjølve organiseringa. Det inneber at den organiseringa som på best mogleg vis understøtter desse behova, vil vere den organiseringa som treff best.

Ein organisering av internrevisjonsfunksjonen basert berre på eigne ressursar er neppe tenleg. Sjølv om det vil vere vanskeleg å seie noko eksakt om nødvendig tal medarbeidarar i ein slik organisering, vil kostnadane bli høge, samstundes som det neppe vil vere mogleg å bygge ein kompetanse som ville dekke heile breidda.

På den andre sida vil det knytt til ein internrevisjonsfunksjon som utelukkande er basert på kjøp av tenester, vere utfordringar og risiko knytt til om ein vil lukkast med å bygge den varige kompetansen og kunnskapen om verksemda som er blitt peikt på som ein nøkkelfaktor for ein relevant internrevisjonsteneste med god forankring ute i verksemdene.

For den framtidige organiseringa av internrevisjonen i Helse Vest er det viktig at styra i føretaksgruppa er seg bevisste at dei har ei felles oppgåve i å peike ut dei kjerneområda som skal definere internrevisjonen sin aktivitet. Det vil danne grunnlag for å ressurssette dei ulike områda og sette i verk dei bekreftelsesaktivitetane som skal gjerast, knytt til dei definerte områda. Denne aktiviteten, som vil vere kjernen for den framtidig internrevisjonsfunksjonen, må ha ein tilstrekkeleg leiing og organisatorisk forankring i det regionale helseføretaket.

Dette gir ei ordning som ligg tett opp til dagens organisering med inntil tre medarbeidarar, og som har vist seg å vere sårbar med omsyn til å oppretthalde eit fagmiljø. Det er viktig framover å ha merksemd retta mot dette og ta grep og sikre leiaroppfølging som kompenserer for denne sårbarheita. Bruk av spisskompetanse på tvers i føretaksgruppa, bygging av fagmiljø og revisjonskompetanse i føretaksgruppa og på tvers av regionane med vidare vil vere type grep som er aktuelle.

Konklusjon

Med bakgrunn i ovannemnde blir det tilrådd at internrevisjonsfunksjonen i Helse Vest blir vidareført som ein kombinert modell med tilsett internrevisor, men med ein større vekt på å følge opp definerte kjerneområder over tid. Ved vurderinga er det lagt stor vekt på at internrevisjonsaktiviteten i Helse Vest er kontinuerleg i sin form, og at det er avgjerande for at denne funksjonen skal gi meirverdi at den har ein tilstrekkeleg organisatorisk forankring i organisasjonen, og at den over tid blir sett i stand til å bygge nødvendig kunnskap og kompetanse om verksemda.